

Møteinnkalling

Utval:	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Møtestad:	Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato:	19.02.2018
Tid:	09:00

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på e-post
politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no

Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Det vert servert lunsj etter møtet, rundt kl. 11.30.

Straume, den 12.februar 2018.

Kari-Anne Landro (s)
Leiar

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 11/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 12/18	Referatsaker og orienteringar
PS 13/18	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
PS 14/18	Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i fellesnemnda 19.februar 2018
PS 15/18	Etablering av nytt NAV-kontor i Nye Øygarden kommune
PS 16/18	IKT og infrastruktur - Statusrapport for samordna løysingar og system
PS 17/18	Nye gebyr for tekniske tenester - organisering og mandat for arbeidet
PS 18/18	Endring av adressenamn -oppnemning av referansegruppe



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 022.3
Saksmappe: 2018/34-3190/2018
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 12.02.2018

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
11/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	19.02.2018

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok



SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
12/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	19.02.2018

Referatsaker og orienteringar

- Status frå prosjektleiar
- Årsrapport for Nye Øygarden kommune 2017 (vedlegg)



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Årsrapport 2017



nyeoygardenkommune.no



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Nye Øygarden kommune 2017

Arbeidet med å byggja ein ny kommune i regionen har høg prioritet i dei tre kommunane Sund, Fjell og Øygarden. I februar 2016 starta felles forhandlingsutval arbeidet med å leggja fram utkast til ein intensjonsavtale. Avtalen vart godkjend i dei tre kommunestyra i juni 2016.

I perioden november 2016 - juni 2017 var det førebuande fellesnemnd som leia arbeidet med kommunereforma. I samsvar med inndelingslova vart det i juni 2017 vald ei fellesnemnd som skal vera det øvste organet for dette arbeidet fram til ein ny kommune er ein realitet i 2020.

Fellesnemnda er leia av Sund-ordførar Kari-Anne Landro, medan dei to andre ordførarane er nestleiarar. Leiarvervet i nemnda vert delt mellom Landro og dei to andre ordførarane (Marianne Sandahl Bjørøy, Fjell, og Børge Haugetun, Øygarden) fram til kommunevalet i september 2019. Dei tre ordførarane utgjer ei leiargruppe. Det er etablert ein prosjektorganisasjon lokalisert på Skjenet 2 på Straume leia av prosjektleiar Paul J. Manger. Prosjektorganisasjonen er tilført fagressursar frå dei tre kommunane. Ved utgangen av desember 2017 var det 4,5 årsverk knytt til administrasjonen på Skjenet. I 2018 vert det tilsett ein person i ei trainee-stilling i Nye Øygarden kommune.

I 2017 vart det gjort fleire viktige vedtak når det gjeld bygginga av ein ny kommune. Den 8. juni vedtok Stortinget å slå saman dei tre kommunane, Sund, Fjell og Øygarden. Den 21. juni vart det gjennomført eit felles kommunestyremøte for dei tre kommunane leia av fylkesmann Lars Sponheim. Same dag var det separate kommunestyremøte der dei formelle vedtaka vart gjort. Det vart vedteke at namnet på den nye kommunen skal vera Øygarden. I samsvar med inndelingslova vart det vald ei fellesnemnd samansett av 17 medlemmer, åtte frå Fjell, fem frå Sund og fire frå Øygarden. Det vart vidare vedteke at kommunestyret i den nye kommunen skal ha 45 medlemmer og at det skal opprettast eit partssamansett utval (PSU). I desember vart det vedteke at dette utvalet skal vera samansett av 15 medlemmer frå fellesnemnda og tillitsvalde. Leiar fellesnemnda er også leiar i PSU (Kari-Anne Landro). Dei to andre ordførarane er nestleiarar.

Fellesnemnd, utval og arbeidsgrupper

Fellesnemnda og partsamansett har etablert fleire utval og arbeidsgrupper, mellom anna utval for politisk styringsstruktur og utval for eigarskapsmodellar. Desse utvala skal gje innstilling til fellesnemnda 1. halvår 2018. Arbeidsgruppa for politisk styringsstruktur, leia av Marianne Sandahl Bjørøy, går inn for å redusera talet på hovudutval til to. Innstilling vert gjeve i april 2018. Utval for eigarskapsstruktur, leia av Atle Dåvøy, har mellom anna drøfta kva plass stiftingar kan ha i Nye Øygarden kommune og samanslåing av selskap innan vatn, avlaup og renovasjon. Det er også sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeida med lokaldemokrati og identitet. Leiar av denne arbeidsgruppa er Tom Georg Indrevik.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Førebuande fellesnemnd hadde avgrensa mandat til å gjera vedtak. Det vart likevel 1. halvår 2017 gjennomført fleire kartleggingar av ordningar i dei tre kommunane, mellom anna IKT, personalreglement, pensjonsordningar og selskapsstruktur. Førebuande fellesnemnd gjennomførte eit framtidseminar i Sund i mai med tema som klima, havromsnæring, samferdsle, megatrender og framtidig samfunns- og næringsutvikling. Førebuande fellesnemnd tilsette Paul J. Manger som prosjektleiar på møtet i juni.

Fellesnemnda hadde fire møte i 2017 i perioden oktober - desember. Saker og tema for fellesnemnda har vore oppnemning av utval og arbeidsgrupper, milepelsplan, prosjektorganisering, lokalisering av prosjektorganisasjonen, arkiv og sakssystem, suksesskriterium for samanslåingsprosessen, årsprognose, budsjett og tilskot til kyrkjeleg fellesnemnd.

Kommunikasjon

Fellesnemnda har vedteke kommunikasjonsplan som gjeld fram til utgangen av 2019. Møta i fellesnemnda har vore overførte på nett-TV sidan desember 2017. På nettsida og Facebook-sida til Nye Øygarden kommune vert det lagt ut oppdatert informasjon om kommunearbeidet. Andre kommunikasjonstiltak er informasjonsbrosjyre til innbyggjarane og informasjonsblad retta mot tilsette i dei tre kommunane (frå 2018). I samband med Sykkel-VM vart det lansert ein promoteringsfilm for Nye Øygarden.

Økonomi

Dei tre kommunane har fått utbetalt 35,9 millionar kroner i tilskot til kommunereformarbeidet fram til utgangen av 2019. Det godkjente budsjettet vert teke opp til vurdering og revidering gjennom prosjektperioden. For åra 2016 og 2017 er det brukt om lag 3,8 millionar kroner av tilskotet til reformarbeidet.



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 022.3
Saksmappe: 2017/5634-3204/2018
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 12.02.2018

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
13/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	19.02.2018

Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
14/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	19.02.2018

Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i fellesnemnda 19.februar 2018

Samandrag av saka:

Milepelsplanen for Nye Øygarden kommune vert oppdatert til kvart møte i fellesnemnda, og likeins etter møta med dei vedtaka nemnda gjer. Den gjev eit oversiktleig og tydeleg bilde over omfang, breidde og heilskap i arbeidet med å legge til rette for at den nye kommunen skal få ein god start i 2020. Prosjektorganisasjonen arbeider kontinuerleg med å forbetre framstillinga av dei ulike områda i planen.

Planen er då til kvar tid å finne i saksframlegga og protokollane til fellesnemnda, og på Nye Øygarden kommune si heimeside.

I møtet i fellesnemnda 19.februar vil prosjektleiar presentere status for tiltaka som er vedteke igangsett av fellesnemnda.

Innstilling:

Fellesnemnda tek dei siste oppdateringane i milepelsplanen til orientering.

Straume, den 09.02.2018

Paul J. Manger
Prosjektleder

Dokument vedlagt saka:

Framlegg til milepelsplan til møte i fellesnemnda 19.februar 2018

Saksopplysningar:

Sak om etablering av nytt Nav-kontor er med i sakstilfanget til fellesnemnda sitt møte 19.februar, og er lagt inn som ny sak 20 i milepelsplanen.

Sak om nye gebyr / nytt gebyrreglement er også med som sak til dette møtet i fellesnemnda. I førre milepelsplan sto den som sak 26 med planlagt igangsetting i første kvartal 2018. Den er no flytta fram og lagt inn som sak 21 i milepelsplanen. Teksten er gjort meir presis i samsvar med dette.

Sak 18 i planen- Samordning av adressesystema i Nye Øygarden kommune - er supplert med ein tilleggssak i dette møtet i fellesnemnda, med framlegg om at det vert sett ned ei politisk referansegruppe. Denne justeringa går fram av tekstdelen til sak.

Vurdering:

Milepelsplanen til møte i fellesnemnda 19.februar er oppdatert i samsvar med endringane som går fram av sakstilfanget til møtet. So snart møtet i fellesnemnda er over, vil milepelsplanen med ev. endringar i milepelsplanen bli lagt ut på Nye Øygarden kommune si heimeside.

Fram til no har prosjektleiaren primært fokusert på arbeidet med å sette i gang med flest mogleg av dei mange tiltaka som milepelsplanen inneheld. Status for dei igangsette tiltaka vil bli presentert i møtet i fellesnemnda 19.februar.



MILEPELSPLAN

Til møte i fellesnemnda 19. februar 2018

Adm. Framl Pol vedteke
■ Start/avslutning ■ Start/avslutning
■ Under arbeid ■ Under arbeid

Prosjektområde	2017		2018				2019				2020
	3. kv	4. kv	1. kv	2. kv	3. kv	4. kv	1. kv	2. kv	3. kv	4. kv	
Etablere/ utvikle/tilpasse prosjektorganisasjon											
1. Konstituering av fellesnemnda											
2. Modell for organisering av prosjekt Nye Øygarden											
3. Budsjett for prosjektperioden											
4. Partsamansett utval											
5. Utval for ny politisk styringsstruktur											
6. Utval for arbeid med eigarskapsmodell											
7. Mandat for prosjektarbeidet											
8. Milepelsplan											
9. Digitaliseringsprosjekt KS/deltaking og finansiering											
10. Valkomite for fellesnemnda											
11. Kommunikasjonsplan											
12. Risikovurderinger knytt til samanslåingsprosessen											
13. Lokaldemokrati og identitet											
14. Ny Matrikkel											
15. Omstillingsavtale. Samordn. av ulike personalvilkår											



Prosjektområde	2017		2018				2019			2020
16. Arbeidsgrupper; personalfeltet og tenestekområda										
17. Vurdering av vedtekne budsjett i kommunane										
18. Samordning av adressesystema i NØK, kriterie										
19. Ny gardnummerserie – endringar tilpassa NØK										
20. Etablering av nytt NAV-kontor										
21. Nytt reglement og nye gebyr for tekniske tenester										
22. Organisere arbeidet med kommunevalet 2019										
23. Stønadsordningar for prosjektet										
24. IKT og infrastruktur. Samordna løysingar og system										
25. Samordning og koordinering av ulike fagsystem										
26. Framtidig pensjonsordning										
27. Administrativ organisering										
28. Utgreie konsekvensar av eigedomsskatt										
29. Plan for framtidige planoppgåver										
30. Etablere kunnskapsklynge										
31. Kommunal infrastruktur. Kartlegging og vurdering										
32. Overføring av regionale og statlege arb.oppgåver										
33. Val av revisor for Nye Øygarden kommune										
34. Val av sekretariat for kontrollutvalet										
35. Tilsetting av rådmann for nye Øygarden kommune										



Prosjektområde	2017		2018				2019				2020
36. Budsjett for nye Øygarden kommune											

Nr	Oppgåve	Administrativt ansvar	Politisk ansvar	Tid
1	Konstituering av fellesnemnda	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda /drøfting og vedtak	2.oktober 2017
2	Modell for organisering av prosjektet- politisk og administrativt	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/drøfting og vedtak	2.oktober 2017
3	Budsjett for prosjektperioden. Skisse	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting	2.oktober 2017
4	Oppnemne partssamansett utval	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017
5	Oppnemne utval for å arbeide fram politisk styringsstruktur i den nye kommunen. Inkl utarbeiding av nytt delegasjonsreglement. Inkl. vedtak av mandat*)	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017 / *30.okt.2017
6	Oppnemne utval for å vurdere eigarskapsmodellar for kommunale føretak og aksjeselskap i den nye kommunen. Inkl. vedtak av mandat*)	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017 /



Nr	Oppgåve	Administrativt ansvar	Politisk ansvar	Tid
				*30.okt.2017
7	Mandat for prosjektarbeidet	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017
8	Milepelsplan. System for kontinuerleg oppdatering av arbeidet med å skipa nye Øygarden kommune. Utvikling av innhald og framdrift i heile prosjektperioden i nært samarbeid mellom fellesnemnda og prosjektleder.	Prosjektleder/ saksframlegg og kontinuerleg ajourhald og oppdatering	Fellesnemnda/ drøfting og tilbakemeldingar	Første gong 2.oktober 2017
9	Digitalisering. Prosjekt i regi av KS. Førspurnad om deltaking i finansiering	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober / 30.oktober 2017
10	Etablere eigen valkomite for fellesnemnda	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	30.oktober 2017
11	Utarbeida kommunikasjonsplan. Prioritera fortløpande informasjon og kommunikasjon mellom fellesnemnda, prosjektleiinga og innbyggjarane	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	30.oktober 2017
12	Risikovurderingar for arbeidet med å slå saman dei tre kommunane. Gjennomgang og vurdering av risiko i arbeidet med å etablere Nye Øygarden kommune.	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og godkjenning av mandat for arbeidet	20.november 2017
13	Lokaldemokrati og identitet. Ei gruppe samansett av tre politikarar og dei tre kulturleiarane i kommunane får i oppgåve å sjå på tiltak for å byggje lokaldemokratiske ordningar og identitet i Nye Øygarden kommune.	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	20.november 2017
14	Ny matrikkel. Prosjekt i samsvar med Kartverket sin prosjektplan for arbeid	Prosjektleder/	Fellesnemnda/	20.november



Nr	Oppgåve	Administrativt ansvar	Politisk ansvar	Tid
	med ny matrikkel i nye kommunar. Administrativ arbeidsgruppe	saksframlegg m/mandat.	drøfting og vedtak	2017
15	Omstillingsavtale. Partsamansett utval (PSU) har nedsett ei arbeidsgruppe for arbeid med avtalen der dei tre personalsjefane, fire repr. frå hovudsamanslutningane og eit hovudverneombod er med. Arbeidsgruppa sitt framlegg er planlagt handsama i PSU 20.februar og i fellesnemnda 19.mars 2018	Prosjektleiar/ Saksframlegg m/mandat	Partsamansett utval: drøfting. Fellesnemnda: vedtak	21.november 2017/ 20.februar 2018/ 19.mars 2018
16	Arbeidsgrupper innan personalfeltet og tenesteområda. Det vil verte etablert arbeidsgrupper knytt til lønspolitikk, partssamarbeid og kompetanse og utvikling. I tillegg arbeidsgrupper knytt til dei ulike tenesteområda.	Prosjektleiar/ saksframlegg m/mandat	Partsamansett utval	10.januar 2018
17	Vurdering av vedtekne budsjett i Øygarden, Sund og Fjell i samsvar med brev av 17.11.2017 frå Fylkesmannen i Hordaland.	Prosjektleiar/ Saksframlegg	Fellesnemnda/drøfting og vedtak	22.januar 2018
18	Samordning av adresssystema i Nye Øygarden kommune - Kriterie for endring av adressenamn. Inkl. oppnemning av politisk referansegruppe*)	Prosjektleiar/ Saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	22.januar + *)19.februar 2018/
19	Ny gardnummerserie – endringar tilpassa samanslåinga av Øygarden, Sund og Fjell. Uttale til Statens Kartverk.	Prosjektleiar/ Saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	22.januar 2018
20	Etablering av nytt NAV-kontor i Nye Øygarden kommune. Igangsette samarbeidsprosjekt i samsvar med partnerskapsmodellen. Prosjektgruppe med tilsette og tillitsvalde	Prosjektleiar/ Saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	19.februar 2018
21	Framlegg til nytt gebyrreglement og nye gebyrsatsar for tekniske tenester. Etablering av administrativ arbeidsgruppe. Samansetting og mandat.	Prosjektleiar/ Saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	19.februar 2018
22	Organisera arbeidet med kommunevalet i 2019	Prosjektleiar/	Fellesnemnda/drøfting	1.kvartal 2018



Nr	Oppgåve	Administrativt ansvar	Politisk ansvar	Tid
		Saksframlegg	og vedtak	
23	Avklare aktuelle stønadsordningar for prosjektet. Finne og vurdere statlege og evt. andre ordningar som ein kan søkje om eller på andre måtar gjere seg nytte av. Både økonomiske, kompetansemessige e.a.	Prosjektleder/ saksframlegg eller orientering	Fellesnemnda/ Informasjon	1.kvartal 2018
24	IKT og infrastruktur. Utvikling av samordna system for heile den nye kommunen. Oppfølging av tidlegare kartlegging av IKT-systema i kvar av kommunane. Administrativ arbeidsgruppe, inkl. tillitsvalde	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
25	Samordning og koordinering av ulike fagsystem, herunder arkivsystem, system for internkontroll m.v. Alle fagområde. Administrativ arbeidsgruppe m/tillitsvalde	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
26	Avklare framtidig pensjonskasseordning med sikte på samordning Jfr tidlegare kartlegging i regi av førebuaende fellesnemnd. Arbeidsgruppe m/tillitsvalde.	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
27	Utvikle administrativ organisasjonsmodell. Inkl lokalisering av arbeidsplassar og –funksjonar, også dei kommunale NAV-tenestene. Jfr s.7 i Intensjonsavtalen. Administrativ arbeidsgruppe koordinert med administrativ gruppe for omstillingsavtale.	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
28	Utgjeie konsekvensar av eigedomsskatt på verk, bruk og næring. Jfr «Eigedomsskatt» i kap.10 i Intensjonsavtalen. Politisk arbeidsgruppe	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.kvartal 2018
29	Plan for igangsetting av arbeidet med framtidige planoppgåver med særleg prioritet. Vurdera innhald, tidspunkt for oppstart, organisering m.v planer og planformer som vil ha særleg relevans i høve ny storkommune. T.d kommuneplanen sin samfunnsdel, kommuneplanen sin arealdel, felles	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.kvartal 2018



Nr	Oppgåve	Administrativt ansvar	Politisk ansvar	Tid
	kulturplan m.v. Arbeidsgruppe			
30	Etablere kunnskapsklynge for aktuelle næringer og verksemder. Sjåast i samanheng med etablering av ny vidaregåande skule og høgskuleutdanning. Politisk arbeidsutval	Prosjektleiar/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.kvartal 2018
31	Kartlegging og vurdering av kommunal infrastruktur Kartlegga noverande infrastruktur som bygg, anlegg, køyrety og anna utstyr. Vurdera vidare bruk. Arbeidsgruppe	Prosjektleiar/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.kvartal 2018
32	Overføring av regionale og statlege arbeidsområde.	Prosjektleiar/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	3.kvartal 2018
33	Val av revisor i Nye Øygarden kommune Jf reglement for fellesnemnda.	Prosjektleiar/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	3.kvartal 2018
34	Val av sekretariat for kontrollutvalet	Prosjektleiar/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	3.kvartal 2018
35	Tilsetting av rådmann i nye Øygarden kommune. Jf Inndelingslova og vedteke reglement for fellesnemnda. Politisk utval utarbeider framlegg til premissar for prosess m.v	Prosjektleiar/ saksframlegg om etablering av utval, inkl. mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	4.kvartal 2018
36	Førebu budsjett for Nye Øygarden kommune. Jf §26 i Inndelingslova. Årsbudsjett for første driftsår, økonomiplan, investeringsbudsjett og handlingsprogram. Politisk utval med ansvar for utarbeiding av framlegg til budsjett- og plandokument	Prosjektleiar/ saksframlegg om etablering av utval, inkl. mandat	Fellesnemnda, drøfting og vedtak	1.kvartal 2019



MILEPELSPLAN

Nr	Oppgåve	Administrativt ansvar	Politisk ansvar	Tid

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	19.02.2018

Etablering av nytt NAV-kontor i Nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

Dei tre NAV-kontora i kommunane vil arbeide mot å organisere seg som eit kontor i tida fram mot kommunesamanslåinga. NAV vil i framtida levere andre typar tenester i andre kanalar, ein vil sjå på moglegheiter som oppstår ved kommunesamanslåing. For NAV er det viktig å få i gang eit prosjekt for samanslåing av dei tre kontora. Viktig med tidleg dialog om dette, og å sjå moment i samanheng når det gjeld kommunal og statleg del av NAV. Intensjonsavtalen for Nye Øygarden kommune legg tydeleg vekt på prinsippa om nærteneister og publikumsretta tenester.

Det vert viktig no å etablere eit prosjekt som tar for seg innhald, organisering og lokalisering av eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune. Alle partar må med i eit slikt prosjekt, inkludert tillitsvalde.

Innstilling:

1. Fellesnemnda gir prosjektleiar og dei tre rådmennene i oppgåve å utarbeide eit mandat som inkluderer prosess, milepelar og tidsplan for etablering av eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune. Utkast til mandat vert presentert til fellesnemnda sitt møte 16. april 2018.
2. Mandatet skal ta for seg innhald, organisering og lokalisering av framtidige NAV-tenester, der prinsippet om nærteneister i intensjonsavtalen ligg til grunn.
3. Mandatet skal innehalde følgjande moment:
 - sjå på kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for den organiseringa som er i dag
 - skildre status og utfordringar for eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune
 - ta for seg kva nasjonale og regionale føringar som vil vere grunnlag for ei framtidig organisering
 - foreslå satsingsområde, mål og strategiar for eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune.

4. På grunnlag av vedtatt mandat ber fellesnemnda om at NAV presenterer ei prosjektskisse for eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune.

Straume, den 12.02.2018

Paul J. Manger
Prosjektleder

Dokument vedlagt saka:

- Brev frå NAV av 5. januar 2018 om etablering av nytt NAV-kontor i ny kommune for Fjell, Sund og Øygarden.
- Referat frå møte om etablering av nytt NAV-kontor i Nye Øygarden kommune.

Saksopplysningar:

Dei tre NAV-kontora i kommunane vil arbeide mot å organisere seg som eit kontor i tida fram mot kommunesamanslåinga. Det har vore mykje endring i NAV-organisasjonen dei siste åra, og meir endring vil skje i tida som kjem. NAV vil i framtida levere andre typar tenester i andre kanalar, og ein vil sjå på moglegheiter som oppstår ved ei kommunesamanslåing. Spørsmål om lokalisering av nytt NAV-kontor i Nye Øygarden kommune var oppe til diskusjon i partnerskapsmøtet i november 2017. For NAV er det viktig å få i gang eit prosjekt for samanslåing av dei tre kontora. Det er viktig med tidleg dialog om dette, og å sjå moment i samanheng når det gjeld kommunal og statleg del av NAV.

I møte 18. januar 2018 (referat frå møte vedlagt) vart det vist til inngått intensjonsavtale mellom dei tre kommunane. Intensjonsavtalen legg tydeleg vekt på prinsippa om nærtenester og publikumsretta tenester. Det er viktig å presisere at kommunale bygg skal ha ein eksistens vidare inn i Nye Øygarden kommune. Funksjonar som bibliotek, publikumsretta del av NAV, servicekontor og tenestekontor vart peikt på i møte. Vidare er digitale løysingar og mobilitetsløysingar for tilsette som reiser rundt viktige moment som må takast med vidare. Fleksibilitet vert sentralt i utforminga av framtidige tenester.

Det vart frå NAV si side gitt ei oversikt over tal på medarbeidarar ved dei tre kontora og arbeidsoppgåver. Det er eit utbreitt samarbeid mellom kontora i dag. Viktig å byggje fagkompetanse og ha merksemd i tida som kjem på eit framtidig samanslått kontor. Dei tre NAV-kontora har i dag til dels ulikt tenesteinnhald (sjå vedlagt referat).

Det vert viktig no å etablere eit prosjekt som tar for seg innhald, organisering og lokalisering av eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune. Alle partar må med i eit slikt prosjekt, inkludert tillitsvalde. Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune vil gi prosjektleder og dei tre rådmennene i oppgåve å utarbeide eit mandat som skal inkludere skildring av prosess, milepelar og tidsplan for prosjektet. Sak vert sett på dagsorden til møte i fellesnemnda 16. april 2018. Fellesnemnda vil be om at NAV på grunnlag av dette mandatet kjem tilbake til fellesnemnda med ei prosjektskisse for eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune. Med bakgrunn i ei slik prosjektskisse vil dei tre kommunane i løpet av 2018 kunne skissere korleis ein ønskjer at NAV skal vere representert i den framtidige nye kommunen.

Vurdering:

Prosjektleiari vurderer det som viktig å etablere eit prosjekt som tar for seg innhald, organisering og lokalisering av eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune. Alle partar må med i eit slikt prosjekt, inkludert tillitsvalde.



Fellesnemnda for sammenslåing av kommunene Fjell, Sund og Øygarden
v/ prosjektleder Paul Manger

Deres ref:

Vår ref:

Vår dato:

5. januar 2018

Etablering av nytt NAV kontor i ny kommune for Fjell, Sund og Øygarden

Som kjent ble det for rundt 10 år siden etablert NAV-kontor i hver av kommunene Fjell, Sund og Øygarden. I forbindelse med etablering av en, ny kommune for Fjell, Sund og Øygarden, ønsker NAV Hordaland at det etableres ett nytt NAV kontor for de 3 kommunene.

Det er i denne forbindelse ønskelig at man så snart som mulig får besluttet og igangsatt et etableringsprosjekt for sammenslåing av dagens 3 NAV-kontor. I denne forbindelse ønsker NAV Hordaland å komme i dialog med fellesnemnda om saken.

Det har vært en betydelig utvikling av det statlige tjenestetilbudet i NAV de siste årene. Tjenestene er i stor grad digitalisert. Brukere har selv anledning å følge sin sak og sine utbetalinger via sin side på nav.no. All økonomisk forvaltning er flyttet ut av NAV-kontoret og over i egne forvaltningsenheter. Kommunikasjon rundt disse tjenestene gjøres enten via nett eller over telefon. Tidligere trafikkmålinger viste at over 70 % av alle ad-hoc henvendelser ved et NAV-kontor dreide seg om økonomi. Mange av de resterende henvendelsene handlet om spørsmål som i dag i stor grad løses digitalt.

Nye trafikkmåling viser også en betydelig nedgang i publikumstrafikk til NAV-kontorene når det gjelder ad-hoc henvendelser samlet sett.

Frigjort tid på NAV-kontorene skal brukes til å følge opp brukere gjennom planlagte møter.

NAV-kontorets hovedoppgave er nå mer tydeliggjort. Brukere skal følges opp gjennom forberedte, planlagte og avtalte møter.

Videre vil alle ansatte i NAV i løpet av en 2 årsperiode jobbe på mobile løsninger. Dette åpner muligheten for å jobbe langt mer fleksibelt enn i dag. Man er ikke avhengig av å sitte fast på ett kontor og man kan også i større grad treffe brukere mer fleksibelt enn i dag.

NAV HORDALAND // ARBEIDS OG VELFERDSETATEN

Postadresse: Postboks 284 // 5804 BERGEN

Besøksadresse: C. Sundtsgt. 29, 8. etg. // Bergen
Tel: 22 82 20 00 //

www.nav.no //

På kommunal side foregår det også et større digitaliseringsarbeid som vil minske tradisjonelle forvaltningsoppgaver på NAV-kontoret og frigjøre tid til avtalt brukeroppfølgning.

NAV driver i økende grad oppfølging av brukere i egen regi, dvs. dette er tjenester som i mindre grad kjøpes av eksterne leverandører. Fremtidens ansatte i NAV er og skal være mer mobil og kunne treffe arbeidsgivere og andre brukere av NAV tjenester der det er naturlig å møte dem.

Fremtidens brukere av NAV vil endre seg og det vil være stort behov for å sikre kompetente fagmiljøer som både sikrer faglig utvikling for ansatte i NAV og sikrer at brukere alltid skal være trygge på å få oppfølging av ansatte med god NAV-faglig kompetanse. Antall NAV-kontor reduseres nå i antall og det etableres nye, større NAV-kontor rundt omkring i landet for å imøtekomme dette behovet.

NAV Hordaland ser at kommunene i vest også bør følge denne utviklingen. Dette vil minske sårbarhet ved fravær og styrke fagmiljøene på NAV tjenestene for brukerne i den nye kommunen. Det vil i fremtiden være mange løsninger på hvordan NAV møter brukerne. Når det gjelder det fremtidige fysiske NAV-kontoret i den nye kommunen, er det NAV Hordaland sitt ønske at dette etableres sentralt i den nye kommunen. Området rundt Sartor Senter vurderes som tjenlig av hensyn til kommunikasjon for både brukere og ansatte.

Med beste hilsen

Anne Kverneland Bogsnes
Fylkesdirektør
NAV Hordaland

REFERAT FRÅ MØTE OM ETABLERING AV NYTT NAV-KONTOR I NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Torsdag 18. januar kl 09:00 - kl 11:00.

Skjenet 2, prosjektorganisasjonen Nye Øygarden kommune

Deltakarar på møte:

Ordførar Kari-Anne Landro, Sund kommune

Ordførar Marianne S. Bjorøy, Fjell kommune

Anne Kverneland Bogsnes, Fylkesdirektør NAV Hordaland

Frode Storvik, avdelingsdirektør NAV Hordaland

Nina Andersen, NAV-leiar Fjell kommune

Vidar Sangolt, NAV-leiar Øygarden kommune

Lin Torill Fjelde, NAV-leiar Sund kommune

Lillian Torsvik, konstituert rådmann Fjell kommune

Marita Hilleren, kommunalsjef Sund kommune

Assisterande rådmann Åse Vik, Øygarden kommune

Prosjektleiar Paul J. Manger, Nye Øygarden kommune (referent)

Meldt forfall:

Børge Haugetun, Øygarden kommune

Brev av 5. januar 2018 frå NAV Hordaland er vedlagt referatet.

Dagsorden for møte:

- 1. Bakgrunn for møte, ved fylkesdirektør og ordførar Fjell kommune**
- 2. Intensjonsavtale for Nye Øygarden kommune og nærttenesteprinsippet, ved leiar fellesnemnda**
- 3. NAV-kontora si innretting, kommunale og statlege tenestetilbod, ved NAV-regionleiar/lokale NAV-leiarar**
- 4. NAV-kontora si hovudoppgåve framover, innretting og bemanning, ved fylkesdirektør**
- 5. Etableringsprosjekt for samanslåing av dei tre NAV-kontora i Fjell, Sund og Øygarden, ved fylkesdirektør**
- 6. Eventuelt.**

Møte vart leia av ordførar Kari-Anne Landro, leiar av fellesnemnda for Nye Øygarden kommune.

Deltakarar i møte vart presentert.

1. Bakgrunn for møte, ved fylkesdirektør og ordførar Fjell kommune

Partnerskapsmøte 17. november 2017 er bakgrunn for møte i dag. Dei tre kontora i kommunane vil arbeide mot å organisere seg som eit kontor i tida fram mot kommunesamanslåinga. Mykje endring i NAV dei siste åra, og meir endring vil skje i tida som kjem. NAV vil i framtida levere andre typar tenester i andre kanalar, ein vil sjå på moglegheiter som oppstår ved kommunesamanslåing. Spørsmål om lokalisering av nytt NAV-kontor var oppe til diskusjon i partnerskapsmøtet i november 2017. Viktig med tidleg dialog om dette, og å sjå moment i samanheng når det gjeld kommunal og statleg del av NAV.

2. Intensjonsavtale for Nye Øygarden kommune og nærteneprinsippet

Intensjonsavtalen legg tydeleg vekt på nærteneprinsippet og publikumsretta tenester. Kommunale bygg skal ha ein eksistens vidare inn i Nye Øygarden kommune. Vart peikt på funksjonar som bibliotek, publikumsretta del av NAV, servicekontor og tenestekontor. Digitale løysingar og mobilitetsløysingar for tilsette som reiser rundt er moment som må takast med vidare. Fleksibilitet vert sentralt i utforminga av framtidige tenester.

3. NAV-kontora si innretting, kommunale og statlege tenestetilbod, ved NAV-regionleiar/ lokale NAV-leiarar

Det vart gitt ei oversikt over tal på medarbeidarar ved dei tre kontora og arbeidsoppgåver. Det er eit utbreitt samarbeid mellom kontora i dag. Viktig å byggje fagkompetanse og ha merksemd i tida som kjem på eit framtidig samanslått kontor. Dei tre NAV-kontora har i dag ulikt tenesteinnhald. Fjell har minimumsløysing (tenester etter Lov om sosiale tenester i NAV) og gjeldsrådgiving. Øygarden har i tillegg til minimumsløysing òg flyktingteneste og Husbanken sine støtteordningar og gjeldsrådgiving. Sund har i tillegg til minimumsløysing òg flyktingteneste, Husbanken sine støtteordningar, gjeldsrådgiving og oppgåver knytt til rusoppfølging (Lov om Helsetenester).

4. NAV-kontora si hovudoppgåve framover, innretting og bemanning, ved fylkesdirektør

Tildeling av budsjett frå sentralt hald vil vere avgjerande for framtidig innretting. Digitale løysingar i kombinasjon med tilsette med spisskompetanse som møter brukarar med behov for bistand. I tillegg mobile tilsette som møter brukarar, samarbeidspartnarar og organisasjonar ute. Viktig å køyre gode prosessar i det regionale arbeidet framover. Planlagte møte vert prioritert. Målar er betre tenester til brukarane. Bakgrunn og ramme for NAV er statlege tenester + kommunale tenester etter minimumsløysingar. Planlagte møte sett i forhold til opningstider vart vektlagt frå kommunal leiing. Vidare at innhald i tenestene må spesifiserast. Dimensjon med to partar er utfordringa heile tida i arbeidet. Kommunane si generelle rettleiingsplikt vart òg kommentert, samt lågterskeltilbodet. For NAV er det arbeid som er det sentrale tema.

5. Etableringsprosjekt for samanslåing av dei tre NAV-kontora i Fjell, Sund og Øygarden, ved fylkesdirektør

Sentral problemstilling er å løyse grensesnittet mellom dei ulike tilboda. Vedtak ligg alltid i bunn frå NAV si side. Viktig å etablere eit prosjekt som tar for seg innhald, organisering og lokalisering av framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune. Alle partar må med i eit slikt prosjekt, inkludert tillitsvalde. Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune gir eit mandat til rådmennene i dei tre kommunane og prosjektleiar. Mandatet skal inkludere skildring av prosess, milepelar og tidsplan for prosjektet. Sak vert sett på dagsorden til møte i fellesnemnda. Den etablerte partnerskapsmodellen må styre prosessen fram mot etablering av nytt kontor.

6. Eventuelt.

Ingen saker meldt under eventuelt.

28.1.2018/pjm
Rev 8.2.2018/pjm



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
16/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	19.02.2018

IKT og infrastruktur - Statusrapport for samordna løysingar og system

Samandrag av saka:

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden slår seg saman frå 1.1.2020. IKT-leiarane i dei tre kommunane har sett ned ei gruppe som arbeider med overordna tiltak som må vere på plass på IKT-feltet i tida fram mot kommunesamanslåinga.

Grappa arbeider etter KS sine anbefalingar og har kartlagt område som ein må ta stilling til i samsvar med rapporten Digitale konsekvensar av ei kommunesamanslåing.

Prosjektleiar vurderer at IKT-leiarane arbeider godt og har klare og tydelege mål for arbeidet framover. Det er sett fristar som er realistiske.

Innstilling:

Fellesnemnda tar saka til orientering.

Straume, den 12.02.2018

Paul J. Manger
Prosjektleiar

Saksopplysningar:

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden slår seg saman frå 1.1.2020. IKT-leiarane i dei tre kommunane har sett ned ei gruppe som arbeider med overordna tiltak som må vere på plass på IKT-feltet i tida fram mot kommunesamanslåinga.

Gruppa arbeider etter KS sine anbefalingar og har kartlagt område som ein må ta stilling til i samsvar med KS-rapporten *Digitale konsekvensar av ei kommunesamanslåing*. Til no har det felles arbeidet resultert i følgjande:

- Klarert nye namnestandardar for maskiner og utstyr i kommunane. Bestilt inn felles merkelappar.
Gevinsten av dette tiltaket er at vi vil unngå namnekonflikt på utstyr når alt skal slåast saman
- Innstilt til plassering av Datarom 1 og 2.
Gruppa ynskjer å gjere gjenbruk av datarom på rådhuset i Fjell.
Gruppa har instilt på plassering av datarom 2.
Romma vil få sentral plassering i den nye kommunen.
Naudstraum og god infrastruktur er eit krav.
- Starta arbeidet med utforming av ein rammeavtale kring innkjøp av serverutstyr.
Målet er å ha på plass nytt innhald i dataroma innan september 2018.
- Starta arbeidet med nytt nettverksdesign.
Gruppa byggjer arbeidet sitt på den jobben som alt er gjort i kommunane, noko kan nyttast vidare, mens noko må skiftast.
Gruppa tek sikte på å gå i dialog med leverandør i løpet av mars månad.

Gruppa sit overordna mål er at det skal vere mogleg å installere dei første systema innan januar 2019.

I tillegg til det gruppa arbeidar med er det og gjennomført anna viktig arbeid:

Ny rammeavtale for innkjøp av nettverksutstyr

Konkuransen er i sluttfasen og ein held på med evaluering av tilbod. Avtalen vil gjelde for kommunane Fjell, Sund, Øygarden, Askøy, Fusa og Os.

Ny rammeavtale for innkjøp av lisensar

Konkuransen er i sluttfasen og ein held på med evaluering av tilbod. Avtalen vil gjelde for kommunane Sund, Fjell og Øygarden.

Forslag/tiltak: Gruppa har hatt møte omlag kvar fjortande dag. Det vert arbeidd mellom møta. Alle har hektiske kvardagar så det er krevjande å få nok tid til dette arbeidet i tillegg til vanleg drift. For å betre dette prøver IKT-leiarane å fordele arbeidsoppgåvene mellom seg og spele på andre i IKT-organisasjonane.

Forventa måloppnåing: Så langt har gruppa arbeidd godt. Gruppa tar sikte på å få på plass rammeavtalar for innkjøp av nettverksutstyr og lisensar i løpet av februar månad.

Vurdering:

Prosjektleder vurderer at IKT-leiarane arbeider godt og har klare og tydelege mål for arbeidet framover. Det er sett fristar som er realistiske. Prosjektleder ber fellesnemnda ta statusrapporten til orientering.

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
17/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	19.02.2018

Nye gebyr for tekniske tenester - organisering og mandat for arbeidet

Samandrag av saka:

Kommunane Øygarden, Fjell og Sund har ulike system for fastsetjing av gebyra for dei tekniske tenestene, og ulik storleik på dei ulike gebyra. Når dei tre kommunane går saman til ein, krev det ei samordning slik at alle innbyggjarane i den nye kommunen får eit felles gebyrreglement med felles satsar.

Dei tekniske tenestene er her definert som areal- og reguleringsplanar, byggje- og delesaker, kart- og oppmålingssaker, miljø- og landbruksaker og vatn, feiing, avlaup og renovasjon.

Prosjektleiaren føreslår at det vert oppretta ei administrativ arbeidsgruppe som får i oppdrag å utarbeide eit framlegg til nytt reglement og nye satsar for desse tenestene i den nye kommunen. Prosjektleiaren tilrår at arbeidsgruppa vert sett saman av medarbeidarar frå alle tre kommunane, at den består av ein til to personar frå kvar kommune, og at den skal levere eit framlegg til prosjektleiaren for handsaming i fellesnemnda seinast tidleg hausten 2018.

Innstilling:

1. Det vert sett ned ei administrativ arbeidsgruppe på ein til to medarbeidarar frå høvesvis Fjell, Øygarden og Sund kommunar. Prosjektleiaren får i oppgave å etablere gruppa i samråd med rådmennene, inkl. val av leiar for gruppa.
2. Arbeidsgruppa skal utarbeide eit framlegg til nytt reglement og nye takstar for dei tekniske tenestene i Nye Øygarden kommune.
3. Framlegget skal i utgangspunktet ha gjeldande reglement- og takstsystem i dei tre kommunane som referanse, men gruppa skal stå fritt til å fremje eit nytt reglement- og takstsystem basert på alternative kriterium om dei finn dette tenleg.
4. Fellesnemnda har som mål å vedta eit nytt reglement- og takstsystem hausten 2018. Arbeidsgruppa skal i samsvar med dette levere eit framlegg til prosjektleiaren seinast i september 2018.

Straume, den 06.02.2018

Paul J. Manger
Prosjektleder

Dokument vedlagt saka:

Lenke til gebyrreglementa og gebyrsatsane for dei tre kommunane:

<https://www.sund.kommune.no/gebyr-og-brukarbetaling/pris-feiing/>

<https://www.sund.kommune.no/gebyr-og-brukarbetaling/pris-vatn-og-avlaup/>

https://www.sund.kommune.no/_f/p1/ic31dd542-e8dc-4422-a63d-333ffd69e122/gebyrregulativ-for-arealeininga-2018.pdf

<https://www.fjell.kommune.no/politikk-innsyn-og-naring/prisar-og-gebyr/>

<https://www.oygarden.kommune.no/nyttige-lenker/kommunale-planar-styringsdokument/>

<https://www.oygarden.kommune.no/nyttige-lenker/kommunale-planar-styringsdokument/>

Saksopplysningar:

Øygarden, Fjell og Sund har ulike reglement for fastsetjing av gebyra for dei tekniske tenestene, og ulik storleik på dei ulike gebyra. Arbeidet med dette vert organisert ulikt. T.d. har Fjell eit eige politisk/administrativt gebyrutval. Reglementa, som er det prinsipielle grunnlaget for gebyrsatsane, er gjerne uendra over lengre tid. Mens storleiken eller satsane for dei ulike gebyra vert drøfta og endra frå år til år, og er ein del av kommunestyra si årlege budsjettbehandling.

Dei tekniske tenestene er her definert som areal- og reguleringsplanar, byggje- og delesaker, kart- og oppmålingssaker, miljø- og landbrukssaker og vatn, feiing, avlaup og renovasjon.

Vurdering:

Når dei tre kommunane går saman til ein, krev det ei samordning slik at alle innbyggjarane i den nye kommunen får eit felles gebyrreglement med felles satsar.

Eit slikt arbeid kan vere tidkrevjande og komplisert, både når det gjeld den politiske og den administrative delen av det.

Prosjektleiaren rår til at eit slikt arbeid vert sett i gang no i vinter, slik at fellesnemnda kan vedta nytt reglement og nye satsar hausten 2018, og dermed tidleg har klart eit viktig grunnlag for arbeidet med budsjett for Nye Øygarden kommune.

Det er naturleg å tenke at utarbeiding av framlegg til nytt felles reglement og nye felles satsar kan skje i ei administrativ arbeidsgruppe med deltakarar frå både Øygarden, Sund og Fjell. For å vere mest mogleg effektiv, bør ikkje arbeidsgruppa har meir enn ein til to medlemmar frå kvar av kommunane, sett ned av prosjektleiaren og dei tre rådmennene i lag. Arbeidet bør ta utgangspunkt i gjeldande reglement og gjeldande satsar i dei tre kommunane, men ein bør også opne for at gruppa kan nytte andre referansar, som t.d. andre reglement og tenkemåtar i andre kommunar.

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
18/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	19.02.2018

Endring av adressenamn -oppnemning av referansegruppe

Samandrag av saka:

I møte 22.januar 2018 vedtok fellesnemnda å sette i gang arbeidet med å samordne adressesystema i Nye Øygarden kommune. Nemnda vedtok også ei rekkje kriterium som skal leggjast til grunn for endringane, som i all hovudsak gjeld vegnamn.

Tidlegare erfaringar med denne forma for arbeid i dei tre kommunane, og i andre kommunar som har slått seg saman, tilseier at dette arbeidet vil vere krevjande og ta lang tid. Det vil vere ein prosess som vil engasjere innbyggjarane generelt og gjennom høyringar, ein vil involvere ulike fagmiljø og eksterne uttalepartar, og det politiske engasjementet vil vere stort.

Sentralt i arbeidet vil vere ei administrativ arbeidsgruppe samansett av fagpersonar frå dei tre kommunane. For desse vil det vere tenleg og ønskeleg å kunne ha kontakt med ei representativt politisk gruppe som det vil vere mogleg å kunne rådføre seg med undervegs i arbeidet.

Prosjektleiaren meiner at tanken om å etablere ei slik politisk referansegruppe er både god og legitim. Den bør bestå av eit lite tal representantar frå fellesnemnda, slik at den kan arbeide mest mogleg effektivt og smidig.

Innstilling:

1. Det vert sett ned ei politisk referansegruppe knytt til arbeidet med å etablere eit samordna adressesystem for Nye Øygarden kommune.
2. Medlemmene i gruppa skal også vere medlemmer i fellesnemnda
3. Referansegruppa skal ha følgjande medlemmer:

.....

Straume, den 07.02.2018

Paul J. Manger
 Prosjektleiar

Dokument vedlagt saka:

Ingen

Saksopplysningar:

I møte 22.januar 2018 vedtok fellesnemnda å sette i gang arbeidet med å samordne adresssystema i Nye Øygarden kommune. Nemnda vedtok også ei rekkje kriterium som skal leggjast til grunn for endringane, som i all hovudsak gjeld vegnamn.

Tidlegare erfaringar med denne forma for arbeid i dei tre kommunane, og i andre kommunar som har slått seg saman, tilseier at dette arbeidet vil vere krevjande og ta lang tid. Det vil vere ein prosess som vil engasjere innbyggjarane generelt og gjennom høyringar, ein vil involvere ulike fagmiljø og eksterne uttalepartar, og det politiske engasjementet vil vere stort.

Nokre hovudpunkt i prosessen:

- Lage oversyn over alle adressenamn i dei tre kommunane – doble eller nesten like – som ein vil vurdere i prosessen vidare
- Sak (1) til fellesnemnda om kva namn prosjektleiaren vil prioritere ut frå kriteria som fellesnemnda vedtok
- Fellesnemnda gjer endeleg vedtak om kva namn som er prioritert
- Informere generelt om fellesnemnda sitt vedtak.
- Sak (2) til fellesnemnda om nye føresegner for adressenamn i Nye Øygarden kommune, for m.a. å sette reglar for korleis namn skal skrivast (endingar av ord o.l.)
- Hente inn framlegg til nye adressenamn frå grunneigarar, velforeiningar osv., og deretter sende desse til den offentlege stadnamntenesta på Vestlandet for uttale.
- Sak (3) til fellesnemnda med framlegg til nye namn for dei adressenamna som fellesnemnda ikkje prioriterte. M.a. basert på dei nye føresegnene.
- Sende fellesnemnda sitt vedtak om nye namn på høyring til innbyggjarane generelt. Likeins til grunneigarar, velforeiningar mfl., som vil ha høve til ev. å klage på vedtaket. Her under også den offentlege stadnamntenesta.
- Ev. sak (4) til fellesnemnda med handsaming av (ev.) klager på dei nye namna, – for endeleg avgjerd.
- Offentleg kunngjering av fellesnemnda sitt endelege vedtak
- Registrering av dei nye namna i matrikkelen, ny skilting m.m.

Fellesnemnda har tidlegare sett ned ei administrativ arbeidsgruppe samansett av fagpersonar frå dei tre kommunane. For desse vil det vere tenleg og ønskeleg å kunne ha kontakt med ei representativt politisk gruppe som det vil vere mogleg å kunne rådføre seg med undervegs i arbeidet.

Vurdering:

Saksopplysningane viser tydeleg at arbeidet med å samordna adressenamna (= vegnamna) er ei stor og krevjande oppgåve, både for den administrative arbeidsgruppa og for fellesnemnda.

Prosjektleiaren meiner at tanken om å etablere ei politisk referansegruppe som vil følgje prosessen er både god og legitim. Den bør bestå av eit lite tal representantar frå fellesnemnda, slik at den kan arbeide mest mogleg effektivt og smidig.